



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øistein Aasland, 5557 2322

Vår dato
06.03.2018
Dykkar dato
01.03.2018

Vår referanse
2018/3164 441
Dykkar referanse

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Uttale i samband med søknad om varig omdisponering av ein del av Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde gnr. 172, bnr. 96 i Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland har mottatt førespurnad frå Miljødirektoratet om å kome med ein uttale til søknad om varig omdisponering av ein del av Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde – gnr. 172, bnr. 96 i Lindås kommune. Vi viser til e-post frå Miljødirektoratet, sendt den 1. mars 2018.

Miljødirektoratet har motteke brev av 22. feb. 2018 frå Lindås kommune, der det blir søkt om samtykke til varig omdisponering av ein del av Fisketangen friluftslivsområde. Arealet er foreslege omdisponert for bygging av private naust. Lindås kommune er heimelshavar på gnr. 172, bnr. 96, medan staten v/Miljødirektoratet er rettshavar, og omdisponering til andre føremål enn friluftsliv krev slik Miljødirektoratet sitt samtykke.

Bakgrunn

Saka har ein relativt lang historie bak seg, og starta med at Lindås kommune i 1989 ynskja å innlemme Storskjeret som ein del av friluftsområdet på Fisketangen. Grunneigarane (8 stk.) av Storskjeret – Hopland Felles, ynskja i staden at det skulle skje ved eit makebyte. Dei såg for seg at Lindås kommune kunne overta Storskjeret, mot at dei fekk kvar sin nausttomt på austsida av Fisketangen.

Direktoratet for naturforvaltning avviste i 1992 planane om eit slikt makebyte for å etablere eit naustområde på Fisketangen. Det blei vist til at ei slik etablering ville vere i strid med friluftsforemålet som står i skjøtet. Dette var også grunnen til at saka blei stoppa på den tida.

Saka er tatt opp igjen av Hopland Felles og Lindås kommune. Formannskapet i Lindås fatta den 8. des. 2016 der dei m.a. bad rådmannen om å forhandla fram ei ny avtale med Hopland Felles om makebytte på Fisketangen. Omdisponeringa har eit noko mindre omfang no enn det som vart søkt om i 1992.

Fylkesmannen si vurdering

Det skal i utgangspunktet svært tungtvegande grunnar for å omdisponere statleg sikra friluftsområder til andre føremål. I denne saka er det eit ynskje om å makebytte ein holme mot eit område som skal nyttast til private nausttomter. Vi meiner at ein utbygging med naust i

friluftsområdet vil være negativt for friluftsinteressene i området, både i høve til det arealbeslaget ei realisering av nausttomtene vil gje og den auka aktiviteten tilkomst til og bruk av naust vil gje. Fylkesmannen er samd i den høyringsuttalen som styret i BOF sendte til Lindås kommune i november 2016, og kan stille oss bak denne uttalen.

Fylkesmannen vil ut frå dette rå Miljødirektoratet til å avvise avtalen om makebytte mellom Storskjeret og 8 nausttomter på austsida av Fisketangen, slik at det ikkje vert gitt samtykke til varig omdisponering av areal i Fisketangen friluftsområde i Lindas kommune.

Med helsing

Stein Byrkjeland
ass. fylkesmiljøvernsjef

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi sendt med e-post til:
Lindås kommune
Bergen og omland friluftsråd